

## RAPPORT FRÅ ANLEGGsutVALET SI SYNfARING 3.APRIL 2017

### MELAND KOMMUNE

FOSSEMYRA FRIIDRETTsfELT, anleggsnr. 1256000703, planlagt frå 2007

Det var planlagt eit delanlegg for friidrett med anleggsnummer frå 2007. Dette anlegget er ikkje blitt realisert.

Vi hadde avtale om at representant frå Meland kommune skulle vera med på synfaringane i Meland, men ingen møtte fram.

Anleggsutvalet sin konklusjon er at det på Fossemyra kun er lagt til rette for fotballaktivitetar. Ei grusbane i sørvestre hjørnet kan vera eit eigna område for FRIPLASSEN (ligg også tett inn til Sagstad Barneskule), men over telefon blei det opplyst frå Eirik Utne, Meland kommune, at der var det planlagt kunststoff-bane nr. 3 i området. Det er også planlagt ein fotballhall i området, finansiert av Trond Mohn.

Bilete:





### LEIRDALEN IDRETTSANLEGG, (Rosseland) anleggsnr. 1256003703

Anlegget er ei kunststoffbane til fotball + eit delanlegg for friidrett med 100m løpebane (4 baner) med fast dekke. Lengdegropa er i enden av løpebana, slik at det ikkje kan arrangerast lengde og sprintløp samstundes. Lengdegropa har litt lite sand og er også litt tilgrodd. I løpebana er det ein del gummigranulat (fyk ut frå fotballbana). Dette vil tetta porene i det faste dekket på løpebana og er også «kulelager» under joggesko. Ein bør difor satsa mykje på å halda løpebana fri for gummigranulat.

Det er ikke lagt til rette for høgdehopp og kast. Men på ei heller stor grusbane nord for fotballbanen kan det støypast ringar for kule/slegge og diskos.

Anleggsutvalet har ingen opplysningar om at det fins vedlikehaldsplan for nærmiljøanlegget.

Anleggsutvalet vitja også grusplassen verd sida av Rosseland skule (1-10.skule). Her ligg det godt til rette for å etablera ein FRIPLASS, noko skulen kan vera interessert i. Vi vil seinare presentera dette for rektor ved skulen.

Men på synfaringane i Meland var Einar Vevatne, Arne Reigstad og Birger Tomasgard.

Bilete:

